

Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

1. Namn på området og kort karakteristikk

Byfjellene i Bergen

- Bynært rekreasjonslandskap

2. Områdeavgrønsing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Frå Vetrilidsalmenning i vest til Blåmannen og Rundemanen i aust. Frå Sandviksfjellet i nord til Svartediket i sør. Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

Landskapet er i vesentleg grad omforma frå eit snaubeita lågfjell-landskap til eit skogkledd rekreasjonslandskap. Dei omfattande formingsgrepa vart sett i verk av leiande folk i byen som gjennom foreiningane «Bergens skog- og trøplantingsselskap» og «Ølklubben» realiserte eit ambisiøst filantropisk prosjekt i byfjella i dei siste tiåra av 1800-talet. Argumenta var forankra i natursvermeri og folkehelse. Dei viktigaste verkemidla var skogplanting og bygging av turveggar i dei store, bynære utmarkseigedomane som planmessig vart tileigna prosjektet i tiåra etter stiftinga. Det kom forbod mot sau og geit i byfjella i 1878.

Landskapet er i dag meir prega av planting i bynære delar, dei fjernare og høgare delane ved Blåmannen og Rundemannen har eit snauare høgjfjellspreg. Det er varierte plantefelt med eit inntrykk av park over mykje av det bynære landskapet. Store deler av dette området er skogkledd, og nokre av dei største trea i landet skal stå i byfjella. Plantinga er tilpassa terrenget og jordsmonnet. Heimehøyrande vegetasjon står jamsides eksotiske sortar.

Frå byen er det anlagt turveggar inn i det opparbeida skoglandskapet, frå Fjellveien, Vetrilidsalmenning, Forskjønnelsen, Svartediket og Sandviken er alle innfallsportar til dette landskapet. Det samla systemet av turveggar er omfattande. Det har ei utstrekning på 25 km. Her er og murar og steinstrukturar av imponerende storleik. Ut i frå hovud veg systema, går det og stiar over heile fjellet. I dag er fleire av vegane og stiar er supplerte med lys, benkar og tilrettelagde rekreasjonslokalitetar. Vegane leier til fokuspunkt i landskapet, som hytter på fjelltoppane, utsiktspunkt, vatn med utbygde rasteplassar, lagshytter, idrettsplassen Skansemyren og kulturminne av ulik art. Opplevinga i landskapet varierer mellom små, intime landskapsrom og storslegne utsyn med vid horisont, ofte ved bratte skrentar.

Den elektriske kabelbana Fløibanen vart opna i 1918, og er ein vertikal struktur som saman med Øvre stasjon og Fløifjellsrestauranten er eit blikkfang som gjev meirverdi til det opphavlege filantropiske prosjektet.

4. Fastsetting av landskapskarakter:

Byfjellene i Bergen er eit bynært rekreasjonslandskap. Det tidligare snaue utmarks-, myr- og beitelandskapet er sidan 1868 omforma til eit skogkledd parklandskap ved planlagt skogplanting, utstrakt vegbygging og anna tilrettelegging for rekreativ ferdsel utanom bysentrum. Plantinga er

varierte og tilpassa terrenget og jordsmunn, med heimhøyrande artar jansides eksotiske artar. Store deler av landskapet er skogkledd. I landskapet er det bygd omfattande veganelegg som fleire stader er imponerande fysiske strukturar. Veganelegga fører til utsynspunkt, rasteplassar, lagshytter, idrettsanlegg og tilrettelagde rekreasjonslokalitetar. Kabelbana Fløibanen med bygningsmiljøa ved Øvre og Nedre Stasjon er eit vertikalt element som bind landskapet til byen.

5. Nasjonal interesse. Grunngeving for at området er av nasjonal interesse

Byfjellene i Bergen er i nasjonal samanheng eit framstående og i sjeldan grad gjennomført døme på eit bynært rekreasjonslandskap som sprang ut av nasjonalromantiske førestillingar, og visjonar om folkehelse, som vaks seg sterke mot slutten av 1800-talet. Fløibanen opna i 1918, og Fløien Folkerestaurant i 1925. Dei er tidstypiske element som er sjeldne i nasjonal samanheng, og gjev meirverdi til rekreasjonslandskapet. Omforminga av landskapet til rekreasjonslandskap er sjeldant omfattande, tidstypisk og historieforteljande i nasjonal samanheng. Byfjellene har høg strukturell autentisitet og stor opplevings- og bruksverdi.

6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvaltning

Sårbarheit og tolegrenser:

Landskapet toler marerielle utskiftingar og endringar i detaljar, men er sårbart for større materielle endringar i veganelegga. Det er sårbart for strukturelle endringar, og for minking av løyvingar til skjøtsel. Rekreasjonslandskapet toler i liten grad privatisering.

Forvaltning:

Byfjellene er forvalta gjennom Bergen kommune sine forvaltningsplanar for Byfjellene.